

Ynskjer dokumentasjon om Godøysund

Kjell Magnus Økland er på jakt etter biletmaterialer fra Godøysund i samband med den nye hotellsatsinga der ute. – Alt som har med historia til plassen å gjera er av interesse, seier Kjell Magnus, som vonar å vera ferdig med arbeidet til 1. oktober.

Kjell Magnus er interessert i å samla både historiar og bilete som har med Godøysund å gjera. Han skal brukha materialet til å laga eit hefte som skal liggja på hotellromma. I tillegg skal dei historiske bileta hengjast opp i hotellokala, som ei

fast utsmykning.

Han har enno ikkje bestemt seg korleis han vil dela opp bileta, om det vert etter tema, motiv eller årstal. Målet er at bilettekstane, som han skal skriva, skal gje informasjon om kvart bilet.

– Om du ikkje har bilet, men ei god historie, så er det også kjempeflott, seier Kjell Magnus, som allereie har fått tak i ein del bilet, men som treng fleire tips.

– Til slutt vil eg presisera at me er berre interessert i å få ta kopi av biletta. Me skal altså ikkje ha originalbiletet dersom nokon trudde det, avsluttar han.

MARIA NERHUS



Godøysund frå omlag 1905.

Foto: O. Svanøe. Frå lokalhistorisk arkiv, Tysnes.